

Innkalling

Utval: **Stranda kontrollutval**

Møtestad: Stranda rådhus, Formannskapssalen

Dato: 09.09.2025

Tidspunkt: 15:00

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@skisks.no eller på telefon 926 11735

Varamedlem møter etter nærmere beskjed frå sekretariatet.

Sakliste

- PS 15/25 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 16/25 Orienteringar
- OS 02/25 Orientering om varsling og bruk av politiet sitt nødnett.
- PS 17/25 Rapport frå forvaltningsrevisjon 2025 Personalforvaltning
- PS 18/25 Revisoruttale frå forenkla etterlevingskontroll 2024
- PS 19/25 Revisjon- og kommunikasjonsplan 2025
- PS 20/25 Tilråding til budsjett 2026 frå Stranda kontrollutval
- PS 21/25 Meldingar og skriv
- MS 06/25 Protokoll frå generalforsamling i Attvin AS 2025
- MS 07/25 Protokoll frå årsmøte i FKT 2025

Ålesund, 02.09.2025

Helge Kvame
Leiar kontrollutval

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar SKS IKS



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 15/25	Stranda kontrollutval	09.09.2025

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste. Samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Vedlegg

Møteprotokoll - Stranda kontrollutval - 13.05.2025



SUNNMØRE
KONTROLLUTVAL-
SEKRETARIAT

Vår ref. 25/76 - 3
Saksbehandlar Bjørn Tømmerdal

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 16/25 Stranda kontrollutval

Møtedato
09.09.2025

Orienteringar

Underliggende saker

02/25 Orientering om varsling og bruk av politiet sitt nødnett.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
OS 02/25	Stranda kontrollutval	09.09.2025

Orientering om varsling og bruk av politiet sitt nødnett. Stranda kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Bakgrunn:

Stranda kontrollutval gjorde i sitt møte 13. mai 2025 vedtak om ei nærmere orientering frå kommunedirektøren. I møteboka stod det:

Kontrollutvalsmedlem Per Kristian Støbakk hadde på forhand spelt inn eit spørsmål knytt til varsling i områda Åkneset og Hegguraksla. Han fekk høve til å legge fram sine bekymringar til kontrollutvalet. Ordførar Einar Arve Nordang svarte ut fleire spørsmål men kontrollutvalet ønskjer ei meir omfattande orientering kring dette innan utgangen av 2025. Spesielt ønskjer kontrollutvalet å fokusere på avtaleverket mellom Stranda kommune og Møre og Romsdal Politidistrikt om bruk av politiet sitt nødvarsel.

Kontrollutvalsekretariatet var i kontakt med konstituert kommunedirektør Einar Lid tysdag 19. august og han stadfesta at han vil kome på kontrollutvalet sitt møte 9. september 2025 kl. 15.00.

Stranda kontrollutval står fritt til å fremje alternativ forslag til vedtak avhengig av kva informasjon som kjem fram i orienteringa.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 17/25	Stranda kontrollutval	09.09.2025

Rapport frå forvaltningsrevisjon 2025 Personalforvaltning Stranda kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet ber om at rapporten frå forvaltningsrevisjon Personalforvaltning i Stranda kommune vert handsama som eiga sak i kommunestyret, utan ugrunna opphold.

Kontrollutvalet rår kommunestyret å gjere slikt vedtak:

- lære av dei avdelingar/einingar i kommunen som lukkast med rekruttering og kompetansebygging,
- utarbeide eit system for å evaluere effekten av dei tiltak som er sett i verk, og
- utarbeide politisk forankra plan for organisering av tenestene innan helse og omsorg for å møte eldrebølga

Stranda kommunestyre ber kommunedirektøren følge opp kulepunktene og rapportere tilbake til kontrollutvalet innen 1. kvartal 2026.

Bakgrunnsinformasjon:

Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal nytte for å sikre at kommunen på best mogleg måte tek omsyn til innbyggjarane sine behov og rettar. Forvaltningsrevisjon er ei av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet har ei plikt til å gjennomføre forvaltningsrevisjon både i kommunen og i selskap kommunen har eigarinteresser i.

Gjennom forvaltningsrevisjon kan kontrollutvalet undersøkje om kommunen etterlever regelverk, når fastsette mål og om ressursane blir forvalta på ein effektiv måte.

Stranda kontrollutval vedtok i sitt møte 11. februar 2025 å bestille ein prosjektplan for personalforvaltning i Stranda kommune. Prosjektplana var diskutert og handsama i møte 1. april 2025 i tråd med tilrådinga. Stranda kontrollutval gav sine innspel til revisor, som tok desse med vidare inn i sitt arbeid med forvaltningsrevisjonen.

Problemstillingar:

Problemstillingane i undersøkinga har vore:

1. Er Stranda kommune sine rekrutteringsstrategiar tilstrekkeleg effektive til å tiltrekke- og sikre nødvendig kvalifisert arbeidskraft?
2. Er Stranda kommune sitt arbeid med nærvær tilstrekkeleg til å behalde kvalifisert arbeidskraft?
3. Er tilsette involvert i omstillingsarbeidet innan helse og omsorg?

Frå Møre og Romsdal Revisjon SA har oppdragsansvarleg revisor Terje Gundersen - Røvik og forvaltningsrevisor Ingvild Bye - Fugelsøy utført revisjonen.

Vurdering:

Møre og Romsdal Revisjon SA har levert ein rapport som set lys på dei områda kontrollutvalet har bestilt revisjon på, innan personalforvaltning i Stranda kommune. Rapporten startar med eit samandrag som viser til konklusjonane revisor gjer og kva råd som revisor gir, med bakgrunn i funna. Sekretariatet vurderer det som naturleg at kontrollutvalet byggjer sin uttale på revisor sine råd, når utvalet skal gje si tilråding til kommunestyret.

Kommunerevisjonen skriver følgande i sine konklusjonar på kvar problemstilling:

Vår undersøking viser at Stranda kommune arbeider strukturert med personalforvaltning.

Problemstilling 1: Er Stranda kommune sine rekrutteringsstrategiar tilstrekkeleg effektive til å tiltrekke- og sikre nødvendig kvalifisert arbeidskraft?

Stranda kommune har gjennomført ei rekke tiltak for å sikre rekruttering av nødvendig kvalifisert arbeidskraft. Likevel har kommunen framleis utfordringar.

Revisjonskriteria om planar og strategiar, tiltak for å møte utfordringar med rekruttering er oppfylt. Revisjonskriteriet om å ha system for å evaluere verknadar og kompetanseplan er delvis oppfylt.

Stranda kommune har etablert viktige dokument som lønspolitisk plan og rekrutteringsstrategi, og arbeidet med ein arbeidsgjevarstrategi er i gang med brei involvering av tilsette. Det er sett i verk fleire målretta tiltak som rekrutteringstilskot, bustadtilbod og oppgåvedeling. Dette har hatt positiv effekt i enkelte einingar.

Samstundes har ikkje kommunen ein overordna kompetanseplan som er ferdig implementert. Evaluering av rekrutteringstiltak skjer i liten grad systematisk og læring på tvers av einingar er etter vår vurdering utnyttast betre.

Rekrutteringsutfordringane er særleg store i utkantane og innan enkelte yrkesgrupper, noko som krev både strategisk planlegging og målretta tiltak.

Problemstilling 2: Er Stranda kommune sitt arbeid med nærvær tilstrekkeleg til å behalde kvalifisert arbeidskraft?

Revisjonskriteria er etter vår vurdering oppfylt, men det er likevel nokre forbetningspunkt. Kommunen har vedtekne planar og prosedyrar for helse, miljø og tryggleik (HMT), og partssamarbeidet mellom leiing og tillitsvalde fungerer i hovudsak godt. Dei fleste tilsette opplever tryggleik og trivsel på arbeidsplassen, og fleire einingar har etablert velfungerande kvalitetsgrupper. Likevel er det store variasjonar mellom einingar når det gjeld å nyttiggjere arbeidsmiljøkartleggingar, dokumentere gjennomføring av vernerundar og systematisk oppfølging av sjukefråvær.

Låg løn, høgt arbeidspress og usikker jobbsituasjon vert trekt fram som sentrale årsaker til at tilsette sluttar. Potensialet for å bruke resultata frå kartleggingar meir aktivt, sikre lik praksis i kvalitetsgrupper og styrke førebyggande arbeid er til stades.

Vår vurdering er at fleire av tiltaka i HMT-strategien er gjennomført og følgt opp i praksis.

Fobetringspunkt er:

- Bruke resultata frå arbeidsmiljøkartleggingane aktivt i forbetningsarbeid
- Evaluere effekt av gjennomførte tiltak
- Fremje erfaringsutveksling – lære av einingar og avdelingar som har lukkast
- Sikre at alle einingar har ei fungerande kvalitetsgruppe

Problemstilling 3: Er tilsette involvert i omstillingarbeidet innan helse og omsorg?

Revisjonskriteria er i hovudsak oppfylt. Vår vurdering er at det òg er rom for forbetring.

Stranda kommune har gjennom fleire år arbeidd med omstilling i helse- og omsorgssektoren der tilsette har vore involvert gjennom både formelle organ som PAU og AMU. Tilsettrepresentantar har også tatt del i praktiske utviklingsprosessar som oppgåvedeling og tenesteutvikling. Tiltak har gitt gode resultat enkelte stader, som i korttidsavdelinga på sjukeheimen, der eit godt fagmiljø har bidrige til å tiltrekke seg arbeidskraft. Samstundes manglar kommunen ein politisk forankra helse- og omsorgsplan som kan gi retning for framtidig organisering, og det vert ikkje gjennomført systematiske risikovurderingar av omstillingstiltak. Høgt arbeidspress, krevjande leiarspenn og manglande plasstillitsvalde i enkelte einingar utgjer risiko for både arbeidsmiljø og implementering av endringar.

Kommunedirektøren har fått rapporten både til faktasjekk og til høyring. Uttalen frå kommunedirektøren ligg ved rapporten på side 52.

Sekretariatet vil råde kontrollutvalet til å støtte opp om revisor sine konklusjonar og råd, og gjere sitt vedtak i tråd med dei.

Nokre av dei punkta som rapporten løfter fram, handlar om prioritering og bruk av tilgjengelege ressursar.

Det er utanfor kontrollutvalet sitt mandat å gjere prioriteringar knytt til tildeling av ressursar. Utvalet sitt mandat er å gje informasjon til kommunestyret dersom ei slik kontrollhandling som ein forvaltningsrevisjon er, avdekker konsekvensar av forvaltninga som kommunestyret bør kjenne til. Så er det opp til kommunestyret å gjere dei rette prioriteringane når dei gjev si budsjetttramme.

Sluttført rapport er mottatt og journalført hjå sekretariatet 22. august 2025, som er i tråd med prosjektplanen.

Det er i innleiinga i rapporten vist til kva avgrensingar som er gjort, ut frå den ramma som kontrollutvalet gav revisor for denne revisjonen. Prosjektplanen skisserte ei ramme på 300 timer. Ut frå informasjon frå Møre og Romsdal Revisjon SA er prosjektet gjennomført i tråd med denne ramma.

Vedlegg

Revisor sin rapport forvaltningsrevisjon personalforvaltning



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 18/25	Stranda kontrollutval	09.09.2025

Revisoruttale frå forenkla etterlevingskontroll 2024 Stranda kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

Stranda kontrollutval tek revisor sin uttale og rapport om forenkla etterlevingskontroll til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Den forenkla etterlevingskontrollen inneber at revisor skal sjå etter om økonomiforvaltninga i hovudsak skjer i samsvar med lover og forskrifter og kommunen sine eigne reglement og vedtak. Revisor gjennomfører enkle kontrollhandlingar som gjev moglegheit til å avdekke vesentlege veikskapar i sentrale delar av økonomiforvaltninga.

Kontrollen er ikkje meint å gå i detalj på alle sidene ved ei sak, men blir retta meir mot om kommunen har eit system som er eigna til å sikre etterleiving av krava i lover og forskrifter og kommunen sine eigne reglement og vedtak.

Tema for kontrollen i 2024 har vært etterlevelse videreutlån og startlån. Revisor vil kommentere uttalen og rapporten på møte tirsdag 9. september 2025.

Vedlegg

Revisor sin uttale og rapport frå etterlevingskontroll 2024 - Stranda kommune

Rapport frå forenkla etterlevingskontroll 2024 Stranda

Uttale frå leiinga - forenkla etterlevingskontroll 2024

Oppdragsansvarleg revisor si vurdering av sjølvstende - Stranda kommune



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 19/25	Stranda kontrollutval	09.09.2025

Revisjon- og kommunikasjonsplan 2025 Stranda kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

Stranda kontrollutval tek framlagte revisjon- og kommunikasjonsplan 2025 til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Kontrollutvalet fyller sitt ansvar for å sjå til at revisjonen blir utført på ein forsvarleg måte ved å gjennomføre aktivitetar knytte til oppfølging av revisjonen og revisjonsarbeidet. Dette kan omfatte:

- revisor si uavhengigerklæring
- kvalitetskontroller hjå revisor
- avtalar mellom kontrollutval og revisor
- engasementsbrev for revisjonsoppdraget
- strategi og plan for revisjonen, og risikovurderingar
- revisjonsrapportar (interim og etterlevingkontroll)
- nummererte brev

Vurdering:

Det er eit krav at revisor skal utarbeide ein plan for korleis revisjonen skal gjennomførast. Revisjonsplanen byggjer på ein overordna revisjonsstrategi som skildrar føremål og omfang på revisjonen, når revisjonen skal utførast og kva angrepsvinkel den skal ha. Revisjonsplanen og strategien skal bygge på ei risiko- og vesentlegvurdering. Det er mange forhold som inngår i denne vurderinga, mellom anna endringar i oppgåver, tenester og organisering i kommunen, og om eit område har blitt revidert tidlegare år. Planen vil mellom anna omfatte

dei rekneskapsområda og rekneskapspostane som vil inngå i den årlege revisjonen. Einskilde område vil som regel inngå i revisjonsplanen kvart år. Dette gjeld til dømes store inntekts- og utgiftspostar som skattar, rammetilskot, løn og innkjøp. Vidare skildrar revisjonsplanen kva revisjonshandlingar revisor skal utføre innan dei einskilde områda, og tidspunkt for gjennomføring.

Revisor har gått gjennom utkast til kommunikasjons- og revisjonsplan 2025 i møte med sekretariatet. Sekretariatet vurderer at revisjonsplanen gir kontrollutvalet oversikt over kva revisjonen som vert utført og kva dette inneber. Dette gir då eit betre grunnlag for kontrollutvalet til å stille spørsmål, og for å vurdere om kontrollutvalet ser behov for å utføre ytterlegere kontrollhandlingar.

Oppdragsansvarleg revisor Kathrin Haram frå Møre og Romsdal Revisjon SA vil i møte 9. september 2025 presentere planen og forklare utvalde risikoområder. Revisjonsplanen vil være grunnlag for kontrollutvalet si oppfølging i løpet av rekneskapsåret.

Vedlegg

Revisjons- og kommunikasjonsplan 2025 - Stranda kommune



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 20/25	Stranda kontrollutval	09.09.2025

Tilråding til budsjett 2026 frå Stranda kontrollutval Stranda kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

Stranda kontrollutval foreslår til kommunestyret ei samla budsjettramme 2026 for kontrollarbeidet på kr 1. 818.500

Dette er fordelt slik:

- Kontrollutvalet møtegodtgjersle og kompetanse kr 186.000
- Kjøp av sekretariatstenester (Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS) kr 460.000
- Kjøp av revisjonstenester (Møre og Romsdal Revisjon SA) kr 1.172.500

Bakgrunnsinformasjon:

I medhald av § 2 i forskrift om kontrollutval og revisjon skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Rettleiaren til forskrifta seier at i uttrykket kontrollarbeid inngår då utgifter til kontrollutvalet, kontrollutvalsekretariatet og revisjonen.

Stranda kommune er med i det interkommunale selskapet Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS (SKS IKS). I tråd med selskapet sine vedtekter er det representantskapet som vedtek budsjettet for dette selskapet og det vert her tatt med kun som informasjon.

Stranda kommune har valt Møre og Romsdal Revisjon SA som si revisorordning. Revisjonen som vert utført består av rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre kontrollhandlingar som er bestemt i lov eller i medhald av lov og andre uttaler, og omfattar revisjon av kommunerekneskapen og konsolidert kommunerekneskap.

Møre og Romsdal Revisjon SA fakturerer utførte revisjonshandlingar ut frå bruk tid og med faste timesatsar som vert vedtekne i samband med revisionsselskapet sitt budsjett i årsmøte.

Omfanget av forvaltningsrevisjonen vert styrt ut frå bestillingar frå kontrollutvalet med utgangspunkt i den vedtekne plan for forvaltningsrevisjon for perioden.

Regnskapsrevisjon omfattar oppgåver som går fram av Plan for revisjon mv.

Andre tenester er dei tenester som verken er regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll, medrekna særattestasjonar som t.d. stadfesting av kommunen sitt grunnlag for krav om momskompensasjon. I tillegg kjem forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga, fagleg rettleiing, undersøkingar som revisjonen eventuelt utfører, møter i kommunestyret og møter i kontrollutvalet.

Vurdering:

Revisjonstenester:

Sekretariatet har motteken eit grunnlag frå Møre og Romsdal Revisjon SA på dei tenestene som dei leverer. Dette byggjer på erfaringstal frå 2023, 2024 og delar av 2025, samt tek utgangspunkt i deira vedtekne satsar.

Når det gjeld rekneskapsrevisjon så vert tidsbruken frå revisor påvirkta av kor godt kvalitetsikra årsrekneskapen er frå kommunen si side, når den vert levert i februar.

Det har vore gjennomført ein risiko og vesentlegvurdering (ROV) i 2024 som grunnlag for arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon. Det er eit ynskje at Stranda kontrollutval kan bestille ein forvaltningsrevisjons rapport på vegne av kommunestyret i 2026.

Med bakgrunn i dette vil ein foreslå eit budsjett for 2026 på kr 1 818 500 for dei tenester som revisjonen utfører. Dette inkluderer og revisjon av Stranda hamnevesen KF.

Sekretariatstenester:

Det er Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS (SKS IKS) som leverer sekretariatstenester til kontrollutvalet. I tråd med Lov om interkommunale selskap (IKS-lova) og gjeldande selskapsavtale er det representantskapet som vedtek eigarskapsandelen. Dette vert gjort i slutten av oktober 2026 og ein må difor her legge til grunn forslag frå dagleg leiar til styret og til representantskapet.

Dersom representantskapet vedtek endring i eigarskapsandelen for 2026, vil sekretariatet informere om dette etter at representantskapet har gjort sitt vedtak i oktober.

Kontrollutvalet:

Møteplanen til kontrollutvalet vert lagt av utvalet sjølv og talet møter byggjer på erfaringar frå tidlegare år. Om der ikkje kjem uforutsette hendingar som kontrollutvalet må handtere, så vert det planlagt fem møter i 2026. Godtgjersle knytt til kontrollutvalet er omfatta av Stranda kommune sitt reglement for folkevalgte og vert utbetalt direkte frå kommunen på lik linje med andre folkevalde organ. For 2026 med fem møter vert møtegodtgjersla stipulert til kr 130 000.

Det er særsviktig for kvaliteten på kontrollarbeidet at kontrollutvalet får høve til å halde seg oppdatert kunnskapsmessig. Det å delta i erfaringsutveksling og kompetansebygging på samlingar med andre kontrollutval er ein viktig del av dette.

I tillegg til konferansar vil det vere særsviktig å få tilgang til faglege ressursar gjennom dei to kompetanseorganisasjonane som har fokus på fagkompetanse på kontroll og tilsynsarbeid. Det er NKRF-kontroll og revisjon og Forum for kontroll og tilsyn - FKT. Abonnement på fagbladet Kontroll & revisjon og medlemskap i Forum for kontroll og tilsyn er viktige kompetansegjester. Stranda kommunestyre valde i 2022 å melde kommunen inn i FKT (forum for kontroll og tilsyn) etter tilråding frå kontrollutvalet. Medlemsskapet er lagt inn i den samla summen som her er forslått for kontrollutvalet. På bakgrunn av dette vert forslaget til eit budsjett for 2026 for kontrollutvalet være på kr 186 000,- og det inneheld då både møtegodtgjering og kurs/kompetanse for kontrollutvalet.

Budsjettforslaget på kr 1 726 000 for kontrollarbeidet i Stranda kommune for 2026 ser då slik ut:

Møtegodtgjersle kontrollutval	130 000	
Kurs og opplæring	40 000	
Abonnement og medlemskap NKRF og FKT	16 000	
Kontrollutvalet		186 000
Sekretariatstenester (SKS IKS)		460 000
Rekneskapsrevisjon (inkl. attestasjoner)	710 000	
Rekneskapsrevisjon Stramda Hamn KF	92 500	
Forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll	370 000	
Revisjonstenester (MRR SA)		1 172 500
Sum kontrollarbeide 2026 Stranda kommune		1 818 500

Forslaget frå kontrollutvalet skal følgje uendra tilrådinga til årsbudsjett fram til kommunestyret, i samsvar med kommunelova §14-3 og § 2 i Forskrift om kontroll og revisjon. Denne prosessen sikrar at kontrollutvalet sin uavhengigheit vert oppretthalden, og at utvalet sitt framlegg ikkje vert endra eller påverka av kommunedirektør eller formannskap.



SUNNMØRE
KONTROLLUTVAL-
SEKRETARIAT

Vår ref. 25/76 - 2
Saksbehandlar Bjørn Tømmerdal

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 21/25	Stranda kontrollutval	09.09.2025

Meldingar og skriv

Underliggande saker

06/25	Protokoll frå generalforsamling i Attvin AS 2025
07/25	Protokoll frå årsmøte i FKT 2025



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 06/25	Stranda kontrollutval	09.09.2025

Protokoll frå generalforsamling i Attvin AS 2025 Stranda kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Kontrollutvalet får protokollen frå generalforsamling i Attvin AS som var halden 5. juni 2025.

Kontrollutvalet får det som melding og informasjon fordi kontrollutvalet skal vere kjent med eigarmøter
i selskap kommunen har eigarinteresser i.

Vedlegg

Protokoll frå generalforsamling 05.06.2025 - Attvin AS



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 07/25	Stranda kontrollutval	09.09.2025

Protokoll frå årsmøte i FKT 2025 Stranda kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Kontrollutvalet får protokollen frå årsmøte i FKT (forum for kontroll og tilsyn) som var halden 3. juni 2025.

Kontrollutvalet får det som informasjon fordi kontrollutvalet skal vere kjent med eigarmøter i selskap kommunen har eigarinteresser/ er medlem i.

Vedlegg

Protokoll årsmøte 2025 Forum for kontroll og tilsyn